

- KUNNGJERING -

Søknad om løyve til å bygge Tysso kraftverk i Ulvik herad

Tysso Kraftverk AS søker om løyve etter vassressurslova til å bygge Tysso kraftverk i elva Tysso. Kraftverket vil ha inntak 237 m over havet, og kraftstasjonen skal etablerast i eksisterande Ulvik 1 kraftstasjon. Småkraftverket vil gi ein årleg kraftproduksjon på 26,5 GWh. Dette utgjer straumbruken til om lag 1325 husstandar.

Saknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Tenestetorget i heradshuset i Ulvik og på NVE sin nettstad www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Fråsegn til søknaden kan sendast elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til NVE, Konesjonsavdelingen, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **29.06.2015**.